

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 05.12.2005
Sakbehandlar: Hans Stenby og Terje Arne Krokvik
Saka gjeld: **Forprosjekt Parkbygget - Helse Bergen HF**

Styresak 116/05 B

Styremøte 14. 12. 2005

Bakgrunn

Styret i Helse Bergen behandla i møte den 13.10.2005 under sak 74/05 B forprosjekt for nytt parkbygg. Styret i Helse Bergen fatta følgjande vedtak:

1. Styret for Helse Bergen tilrår at Helse Vest godkjenner Parkbygget på Haukeland universitetssjukehus, og at det vert realisert i samsvar med planane slik det går fram av framlagte forprosjekt.
2. Det vert gjort endringar i prosjektet i samsvar med vedtak i sak 76/05.

Punkt 2 i vedtaket hang saman med at Helse Bergen HF er gitt pålegg frå Arbeidstilsynet knytt til kreftavdelinga sin post 1. Det betydde at ein skulle vurdere utviding av prosjektet med ein sengepost for kreftavdelinga som kunne erstatta post 1 i Medisin B-bygget.

Revidert forprosjekt for parkbygget blei behandla av styret i Helse Bergen 16.11.05, jf sak 86/05. Styret fatta følgjande vedtak:

1. Styret for Helse Bergen godkjenner dei framlagde planane for ein ny sengepost Parkbygget, og ber om at detaljprosjektering vert gjennomført med sikte på realisering av Parkbygg-prosjektet innan den skisserte framdriftsplanen og innan ei kostnadsramme på 153 mill kroner.
2. Med fråtrekk for motteken donasjon på 13 mill kroner til byggjeprojektet, vert den resterande investeringa på 140 mill kroner å dekkja innan dei investeringsrammene Helse Bergen får til disposisjon i åra 2006 og 2007. Meirkostnaden på 48 mill kroner for å byggja ein ny sengepost for Kreftavdelinga, bør finansierast med auka låneopptak.
3. Det samla forprosjektet for Parkbygget vert å leggja fram for Helse Vest for godkjenning.

Den samla investeringskostnaden er i utgangpunktet på kr 153 mill og prosjektet skal då i medhald av gjeldande investeringsprosedyre behandlast av styret i Helse Vest. Styret skal vurdere prosjektet i høve til:

- Prosjektets plassering i ein heilskapleg regional oppgåve- og funksjonsfordeling
- Dimensjonerande føresetnadar, funksjonar, driftsformar og organisering, aktivitets- og produksjonsdata

Kommentarar

Prosjektets plassering i ein heilskapleg regional oppgåve- og funksjonsfordeling

Følgjande prosjekt inngår i den samla utbyggingsplanen for Haukeland universitetssjukehus:

- Nytt laboratoriebygg: 539 mill. kr
- Nytt barne- og ungdomssenter: 702 mill. kr
- Nybygg stråleterapiavsnitt: 53 mill. kr
- Oppgradering av sentralblokken: 200 mill. kr
- Kreftbygg: 500 mill. kr
- Nevrosenter: 60 mill. kr
- Diverse mindre prosjekt 200 mill. kr
- Psykiatriutbygging: 500 mill. kr

Styret har tidligare handsama sak om nytt laboratoriebygg etter gjennomført konseptfase og som forprosjekt.

Nytt parkbygg er ei vidareutvikling av det som i utbyggingsplanen er nemnd som ”nybygg stråleterapiavsnitt”. Bygget ble først kalla ”Rokeringsbygget”. Bygget skulle omfatte ny dagavdeling og kontor for kreftavdelinga. Ei første skisse blei utarbeidd våren 2003. Det blei i 2004 bestemt å sjå areal for kreftavdelinga saman med planane for det nye PET-senteret. Seinare er og ein oppgradert nukleærmedisinsk eining integrert i prosjektet (Eininga driv diagnostikk og behandling ved hjelp av radioaktive isotopar) og nå til sist ein ny sengepost for kreftavdelinga.

PET står for ”Positron Emission Tomography” og er eit nytt biletagnostisk hjelpemiddel som i kombinasjon med CT (computertomograf) kan ha stor nytte ved diagnostisering av m.a. kreft, infeksjonar, hjarteproblem og skadar/sjukdomar i hjernen. Teknologien er hittil ikkje tatt i bruk i Noreg. Det heng saman med at ein tidligare var usikker på verdien av undersøkingar med PET-scanner og at det er ein kostbar teknologi. Det første senteret vil stå ferdig i Oslo ved Rikshospitalet og Radiumhospitalet våren 2006.

I den grad ein meiner det er indikasjon for ei slik undersøking kjøper Helse Vest desse tenestene utalands i dag. PET-senteret i Helse Bergen vil gi tilbod til pasientar i heile regionen og andre deler av landet inntil slike sentre vert utbygd i alle regionane.

Ny sengepost for kreftavdelinga vil vere ei erstatting av eksisterande post 1 i Medisin B-bygget.

Prosjektet har utover det som gjeld PET ikkje konsekvensar for regional oppgåve- og funksjonsfordeling.

Dimensjonerande føresetnader, funksjonar, driftsformar og organisering, aktivitets- og produksjonsdata

Parkbygget omfattar:

- PET-senter (etasje U og 0): 721 kvm
- Univ. i Bergen areal/PET (etasje 0): 208 kvm
- Nukleærmedisin (etasje 0): 582 kvm
- Kreftavdeling med dagavdeling, poliklinikk og kontor (etasje 0 og 1): 2.289 kvm

- Kreftavdeling sengepost (etasje 2): 1.550 kvm
- Ventilasjon/teknisk rom (etasje 3): 300 kvm

Det arealet som er sett av til Universitetet i Bergen er knytt til PET-senteret.

Samla har nybygget eit brutto areal på 5.650 kvm.

Kreftavdelinga si dagavdeling er i dag lokalisert i lungebygget som skal ombyggast til framtidig lokale for hudavdelinga. Hudbygget skal rivast og vil gi plass til eit framtidig kreftbygg. Kreftavdelinga mister samtidig ei rekke kontorarbeidsplassar.

Dagavdeling og kontor for kreftavdeling i det nye parkbygget er såleis ei erstatning for eksisterande lokale. Det er samstundes ei oppgradering av arealet for denne verksemda som samlar all poliklinisk cytostatikabehandling (cellegiftbehandling) på ein stad og gir auka kapasitet. Det er berekna at cytostatikakurar kan auke frå 4875 kurar til 7000 og polikliniske konsultasjonar frå 16230 konsultasjonar til 25000.

PET-senteret er gjort mogleg ved ein donasjon. Etableringa består mellom anna av det biletdiagnostiske utstyret og ein såkalla syklotron som produserar det radioaktive materialet som brukast ved undersøkingane.

Det er pårekna at PET-senteret etter ei innkjøring skal ha ordinær drift 5 dagar i veka. Det vil gi rom for 15 pasientundersøkingar pr arbeidsdag.

PET-senteret vil vere ein del av radiologisk avdeling.

Ein har sett det som hensiktsmessig med ei samlokalisering av den nukleærmedisinske verksemda og det nye PET-senteret. Det er behov for ei utviding og oppgradering av dette tilbodet. Samlokalisering med PET-senteret vil gi faglege og økonomiske fordeler og styrke pasientbehandlinga og forskingsaktiviteten på området. Ein vil samstundes frigjera verdfullt areal i Sentralblokka.

Det er berekna at aktiviteten kan aukast med 20 %, dvs at tal undersøkingar kan aukast med 20 % med dagens bemanning og driftskostnader.

I prosjektet inngår og ein ny sengepost for kreftpasientar. Helse Bergen har fått eit pålegg frå Arbeidstilsynet om tilhøva ved kreftavdelinga si post 1 i Medisin B-bygget. Styret i Helse Bergen har foreslått at ein byggjer ein nye sengepost i parkbygget til erstatting. Den nye sengeetasjen i bygget gjev rom for 22 sengeplassar, fordelt på 12 ein-sengs rom og 5 to-sengs rom. Alle pasientromma får eigne bad/toalett og stettar dei krav som Arbeidstilsynet stiller til storleik og utforming av rom for denne type pasientar. Ein del av behovet for lagerplass og garderober for sengeposten må løysast i Sentralblokka eller Medisin B-bygget.

Samla investerings-/lønsomheitsanalyse

Prosjektet har i utgangspunktet ein samla investeringskostnad berekna til 153 mill. kr (prisnivå juli 2005). Det er i byggekostnaden medrekna ein prisstigning på 3 % og det er lagt inn ein margin for uføresette kostnader på 12 %. Finansieringskostnader (byggelånsrente) er ikkje medrekna i investeringskostnaden.

Det er i investeringsplanen for Helse Bergen frå 2004 til 2007 avsett 77 mill. kr til kreftavdelinga og PET-senteret. Av den donasjonen som Helse Bergen har fått til PET-senteret på til saman kr 53 mill. kan kr 13 mill nyttast til bygg. Utviding av kreftavdelinga post 1 er av Helse Bergen føresett finansiert med opptak av lån. Restfinansieringa som gjeld lokala for nukleærmedisin på kr 16 mill vil Helse Bergen forslå blir innarbeida i investeringsprogrammet for 2007.

Prosjektet som heilskap er såleis føresett dekkja innafor ramma for Helse Bergen sine investerings-/avskrivingsmidlar i åra 2004 til 2007 og ved opptak av eit lån på 48 mill. kr:

Avskrivingsmidlar i basisramma	kr	77 mill
Donasjon		13 mill
Utviding av kreftavdelinga post 1 – opptak av lån		48 mill
Resterande sum må innarbeidast i ramma for 2007		<u>15 mill</u>
SUM finansiering	kr	<u>153 mill</u>

Dei driftsmessige konsekvensane for prosjektet samla sett kan oppsummerast i følgjande tabell:

	Pet-senter inkl. areal UIB	Nukleærmed. seksjon	Dagavd./kontor kreftavd	SUM Parkbygg
Avskrivning, renter og drift av bygg	7,8	1,4	5,2	14,4
Avskrivning og renter på utviding for kreftavdelinga sin post 1			3,8	3,8
Driftskostnader MTU	4,0	0,0	0,0	4,0
Lønnskostnader	10,0	0,0	0,0	10,0
Andre driftskostnader	5,0	-0,3	0,0	4,7
Husleieinntekt frå UIB	-0,3			-0,3
Sum auka driftskostnad	26,5	1,1	9,0	36,6
Donasjon fordelt over investeringsens levetid	-3,8			-3,8
Netto kostnadsauke	22,7	1,1	9,0	32,8

Det er då lagt til grunn:

- ei kalkulasjonsrente på 5 %
- avskrivning av investert kapital over 60 år for bygg og 30 år for tekniske anlegg. Avskrivinga er basert på brutto investering for å ta høgde for kapitalslit og behovet for reinvestering.
- årlege kostnader til teknisk drift og vedlikehald på kr 200 pr m² (med 3 % prisstigning)
- Donasjon på kr 53 mill blir inntektsført over investeringa si levetid (MTU kr 40 mill blir avskriven på 12 år og bygg/installasjonar kr 13 mill blir avskriven over 30 år)

Sidan PET-scanning er ei ny undersøking er det ikkje tatt stilling til refusjonstakstar for slike undersøkingar. Det gjer det vanskeleg å berekna dei økonomiske effektane.

Helse Bergen har i sine vurderingar lagt til grunn at 80 % av kapasiteten på 3450 årlege pasientundersøkingar kan nyttast til klinisk verksemd og at slike undersøkingar i snitt vil gje kr 10.000,- i refusjon, basert frå erfaringar frå dei andre nordiske landa. Dette vil i så fall gje ei inntekt på kr 27,6 mill og vil da medføre at PET-senteret isolert sett går i overskot. Prosjektet i sin heilskap vil med denne føresetnaden gi eit underskot på kr 5,2 mill.

Det er ikkje auka driftskostnader som følge av ny sengepost då denne erstattar ein eksisterande.

Økonomiske føresetnader for realisering av prosjektet

Helse Bergen har eit samla investeringsbehov som overstig midlane som ligg innafor dagens inntektsrammer. For å gjennomføre den samla investeringsplanen er ein avhengig av å ta opp lån hos staten. Helse Vest kjenner ikkje størrelsen på lånemidlar som vil bli gitt i 2006. Av lånemidlar som blir

gitt i 2006 må ein først prioritere investeringar i psykiatriplan samt dei store investeringsprosjekta MOBA i Helse Stavanger og nytt lab bygg i Helse Bergen.

Det er no uklart om framtidige lånemidlar og vil kunne nyttast til delfinansiering av parkbygget med 48 mill. kr.

Helse Bergen må såleis vere førebudd på at prosjektet som heilskap må finansierast utan lånemidlar, dvs at prosjektet må prioriterast og gjennomførast innafor:

- avskrivingsmidlar i basisramme
- bruk/omprioritering av midlar i basisramma for å dekke investeringar

Ein donasjonen på samla kr 53 mill. vil dempa dei økonomiske konsekvensane knytt til PET-senteret. Hovuddelen av desse midlane går likevel til utstyr (40 mill. kr) som ikkje inngår i kostnad for byggeprosjektet.

Helse Bergen vil gjennom realisering av prosjektet pådra seg auka driftskostnader samtidig som inntektssida er usikker. Sjølv om det ikkje til no er etablert ei ordning med takstar og refusjon for PET-undersøkingar, vil administrerande direktør likevel anta at det blir ein betalingsordning for den nye PET-maskinen på Rikshospitalet/Radiumhospitalet, og at dei same betingelsane vil gjelde for andre PET-maskiner.

Helse Vest vil i eget brev til Helse- og Omsorgsdepartementet ta opp spørsmålet vedrørende refusjonssats for PET verksemd.

Helse Bergen må generelt finne tiltak som bidrar til å effektivisere drifta av føretaket slik at ein blir i stand til å ta opp i seg dei auka kostnadane som følgjer av investeringsbehova og såleis klarer å innfri kravet om resultat i balanse dei komande åra.

Plan for prosjektet

Det er laga følgjande retningsgivande framdriftsplan:

- detaljprosjekt ferdig des. 2005
- anbodutsending des. 2005
- kontrahering feb. 2006
- byggestart mars 2006
- ferdigstilling juni 2007

Forslag til vedtak

Helse Vest RHF godkjenner forprosjekt for Parkbygget, Helse Bergen HF innanfor ei kostnadsramme på 153 mill. kr.

Prosjektet er føresett finansiert innanfor avskrivingsmidlar i basisramma frå 2005 til 2007, eventuelt at det og blir tatt opp eit lån på kr 48 mill dersom låneramma for Helse Vest gir rom for det.

Helse Bergen må tilpassa drift av PET-senteret til dei inntektsmessige føresetnadane og ha beredskap for å gjere tilpassingar i prosjektet og drifta for å sikre at balansekravet vert innfridd.